



Lars Skolås Rorgemoen  
Øyfjellvegen 1649

3890 VINJE

### Delegert sak nr. 15/42

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2015/2560	18933/2015	117/6	21.10.2015

## Melding om vedtak - konsesjon ved overtaking av skogsteig - del av gnr. 117/6

### Dokument i saka:

Søknad om konsesjon, datert 24.8.2015  
Vedtak om frådelling, datert 20.10.2015

### Bakgrunn:

Lars Skolås Rorgemoen søker om konsesjon på erverv av ubygd skogsteig på tre dekar - det vil si det arealet på gnr. 117/6 som ligg vest for riksvegen. Arealet er frådelt gnr. 117/6 i vedtak 20.10.2015 – og skal leggjast til søker sin eigedom gnr. 117/3.

Det er plikt til å søkje konsesjon på erverv av ubygd areal over 2 da i LNF-område. Søknaden skal vurderast etter konsesjonsloven § 9. Sakshandsamar kan ikkje sjå at å dele i frå ein skogteig som tilleggsareal vil vere i strid med dette - der ein mellom anna skal ta omsyn til kravet om "driftsmessig god løysning". Det er ikkje oppgjeve pris då ervervet er ein formalisering av eit makeskifte i mellom desse eigedomane, jf. delingssaka. Ein vil i tråd med delegasjonsreglement for Vinje kommune avgjere saka administrativt.

### Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev Lars Skolås Rorgemoen – i medhald av konsesjonslova § 9 – konsesjon på erverv av omsøkt ubygd skogsteig på tre dekar – frådelt gnr. 117/6 den 20.10.2015. Det er eit vilkår at teigen skal leggjast til gnr. 117/3.

Med helsing

Toril Nicolaisen  
nærings sjef

Thor Christiansen  
landbruksrådgjevar